



Frå oppvisninga under juleavslutninga i fjor. (Foto: Trond H. Myklebust)

**Jula nærmar seg, og då er det tid for mange trivelege juleavlutningar. Når vi er med på desse i førjultida hjelper det oss gradvis å koma i den rette julestemninga. Onsdag førstkommande har turngruppa si årvisse juleavslutning, - eit arrangement som er ope for alle.**

Turngruppa har jamn og god aktivitet, og onsdag kan vi oppleve oppvisningar både av barnetrimmen og idrettsskulen. Det er alltid kjekt å oppleve at dei yngste viser både innøvde og spontane kunster, - alltid med glede, stoltheit og forventning.

Sidan jula nærmar seg og ungane er så snille og viser så fine kunster, vert det og meldt om at julenissen har ymta frampå om at han kanskje tar seg ein tur innom. Servering vil det heller ikkje mangla på. Det vert både kaffi, saft og mange gode kaker. Medan drøsen er på sitt beste rundt borda, vert det og selt lodd.

Alt ligg til rette for ei skikkeleg koseleg førjulsstund i Aktivitetshuset førstkommande onsdag mellom kl. 17.30 og 19.00.

Av: Thor Inge Døssland



Kanskje kjem nissen i år også??? (Foto: Trond H. Myklebust)